

Ord til opning av "Sats på barnehagen – snu Sogn"

Velkomen til ein inspirasjonsdag for oss alle og gratulera med dagen. Dette er ein merkedag for barnehagesektoren i Sogn, og ikkje minst for oss i SR.

Velkommen til alle deltakarar på leiarutdanninga, og velkomen til alle dykk andre som bidreg med å gjere stas på denne dagen.

Det er spesielt mange blide og fornøgde barnehagestyrarar med oss i dag. Endeleg har det vorte sett fokus på deira arbeid og innsats. Kvalitetsutviklingen i barnehagen blir i dag løfta fram og får status på nivå med skulane. Me veit at desse åra som ungene tilbringa i barnehagen er med og legg grunnlaget for skulegong, arbeidsliv og tilpassing framover. Fråfallet i videregående er eit stort problem for oss alle, og me veit at mykje av grunnlaget for ei sunn utvikling blir lagt i barnehage og skule.

I Sogn regionråd veit me at barnehagesektoren lenge har etterlyst større forståing for arbeidet de gjer. Eg veit at de har spurt etter større utviklingsmuligheiter for tilsette og barna. Eg veit at de ynskjer større fokus på ein av livets første og viktigaste læringsarenaer. Dette ynskjer me å setja fokus på no.

Å driva politikk er å prioritere mellom mange gode tiltak, og det har me no gjort til fordel for barnehagane våre. Me har funnet kommunale eigendelar og eigeninnsats. Men først og fremst har me funnet solide støttespelarar som har gjort det mulig å gjennomføre denne satsinga. Fylkesmannen og Fylkeskommunen sitt felles programtsyre for fornying av offentleg sektor har vore avgjerande. Utan deira støtte, ikkje noko prosjekt.

KS har vore den andre avgjerande bidragsytaren. Utan støtte frå KS hadde vi ikkje klart å finansiere leiarutdanninga, korskje for skule- eller barnehagesektoren. Stor takk til KS.

Prosjektet vi starta i dag er bygd på samarbeidet. Partnerskapsavtalen med NAV Arbeidslivssenter, Høgskulen, Utdanningsforbundet og regionrådet er eit banebrytande nybrottsarbeid.

Saman lagar vi ein ny modell.
Saman utviklar vi kvalitetane i barnehagesektoren.
Saman endrar vi negative utviklingstrekk.
Saman snur vi Sogn.

Det var visjonen me hadde då Sats på skulen – snu Sogn vart starta opp i 2006. Folketalet i Sogn hadde vore lågt i mange år og det ynskte me å gjera noko med. I fyrst omgang gjennom ei satsing på skulane og barnehagane. Med dette prosjektet ynskte regionrådet at kommunane gjennom samarbeid skulle bli bedre skuleeigarar og samstundes bidra til å dyrka fram fleire entrepenørar som kunne stimulera næringslivet og folketalsutviklinga. 50 personar tilknytta skuleverket har gjennomført ei utdanning på 30 studiepoeng innan leining. Det er 27000 styrarar og førskuleleiarar i landet. Berre 1% av desse har formell leiarutdanning. I Sogn kan me kanskje heva denne til 80 til 90.

I songen "Eldorado" syng Åge Aleksandersen :

"Kjære barn du er framtida for mæ,
alt æ trur på skal veks i lag med dæ,
du er skjønnet og song, sjølve livet"

Refrenget oppsummerar kvifor me politikarar, av ulik partitilknytning, arbeidar for å gje dei små ein best mogleg barndom. Det viktigaste me kan lære dei er nestekjærleik og respekt for seg sjølv og kvarandre. Det er derfor mange av oss er politisk aktive, eller har valgt å jobbe i barnehagen.

Tidlegare fredsprisvinnar Dr. Martin Luther King sa at me har eitt val i livet; egoisme eller innsats for andre. De som jobbar med ungene våre har valt det siste. Framtida vår ligg i borna. Og når eg ser her i salen, kven som arbeidar med borna våre – blir eg trygg, glad og stolt.

Det er 34 deltakarar som byrjar på dette leiarstudiet. Vi arbeidar for å tilby eit nytt studium også neste haust. Til de som ikkje fekk plass no, vil eg oppfordra: Prøv igjen i neste runde.

Lukke til med dagen!